

Rothaugen skole  
Skuteviken  
5033 BERGENDato: 03.05.2016  
Vår ref.: 2015/10661-135  
Saksbehandlar: maraskv  
Dykkar ref.:

## Kartlegging av Storbyprosjekt UKM

Hordaland fylkeskommune, Vest-Agder Fylkeskommune, Bergen kommune, Kristiansand kommune, UKM Norge og Cultiva har gått saman for å etablere «Storbyprosjektet UKM» med det føremål å kartleggje ungdommar sin oppfatning av «Ung Kultur Møtes» og for å auke tal på deltakarar i UKM i Bergen og Kristiansand. I samarbeid med Agderforskning har det vore utarbeidd ei spørjeundersøking for å kartleggje årsaka til den stadig minkande deltakinga på UKM i storbyane. Målgruppa for undersøkinga er 10. klasse på ungdomskulen og 2. klasse på vidaregående skule i Bergen. Undersøkinga vert p.d.d. gjennomført i Kristiansand.

### Gjennomføring

For å gjennomføre spørjeundersøkinga er det behov for å nytte inntil 10 minuttar av undervisninga i klasserommet til 10.klasseelevane på Rothaugen skole. Skulen vil få tilsendt ei lenkje til undersøkinga og gjennomfører denne sjølv. Skulen er då ansvarleg og sørgjer for at alle klassane gjennomfører denne innan avslutning av vårsemesteret d.å.

Utvalte ungdomsskular til denne spørjeundersøkinga er Rothaugen skole, Ny-Krohnborg - avdeling skole, Lynghaug skole, Olsvik skole, Rådalslien skole, Ytrebygda skole, Åstveit skole, Garnes ungdomsskole og Rudolf Steinerskolen i Bergen

### Kva er UKM?

UKM (Ung Kultur Møtes), også kjent som Ungdommens Kulturmønstring, har utvikla seg til å bli det som i dag sjåast som ei av dei tre viktigaste offentlege satsingane på barne- og ungdomskultur, saman med kulturskulane og det omfattande programmet for kunst- og kulturformidling til skulen. UKM er mange små lokale festivalar der ungdom kan delta med alle slags kulturuttrykk. UKM er ingen typisk konsert; på UKM kan ein delta med alle kulturuttrykk. Ein kan også delta bak scenen, som konferansier, i mediumredaksjonen, som lyd- og lystechnikar eller som arrangør. UKM vert arrangert med fokus på dei unge sine eigne kulturuttrykk og skal vere ein sosial møteplass for deltakarane, arrangørane og publikum.

UKM er for alle; ingen er god til alt, men alle er gode til noko. I UKM kan ein få prøve seg, og i tillegg sjå kva andre ungdommar er oppteken av. UKM skal vere Noregs viktigaste møteplass for ung kultur. På lokalt plan vert det arrangert mange små lokale UKM-festivalar der all ungdom kan delta. Kvar kommune sender ungdommar vidare til ei UKM-festival i sitt fylke som representantar for sin kommune. Deltakarane på UKM-festivalen på fylkesnivå speglar breidda i det unge kulturlivet i kommunane. Kvar fylke sender i neste omgang omlag 30 deltakarar til den nasjonale UKM-festivalen. Desse deltakarane skal spegle breidda av det unge kulturlivet i regionen. På lokalt plan er det om lag 25 000 deltakarar fordelt på 360 lokale UKM-festivalar. Omlag 6600 deltek på 19 UKM-festivalar på fylkesnivå. På landsfestivalen er det omlag 500 deltakarar frå heile landet som deltek.

Dersom de har spørsmål kan de kontakte Marianne Ose Askvik (fylkeskontakt UKM) på [hordaland@ukm.no](mailto:hordaland@ukm.no) eller på telefon: 55 23 95 43.

Venleg helsing

Per Morten Ekerhovd  
Fylkesdirektør, kultur, idrett

Ronny Skaar  
Utviklingssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*